



Fylkesmannen i Hordaland
Pb 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/404 - 14/3296

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
06.03.2014

Ny vurdering - klage tilknyting til kommunalt VA-anlegg, Fosse

Fylkesmannen har bedt om kommunen sin vurdering av supplerande opplysningar i sak vedrørande pålegg om tilknyting for gnr 25 bnr 145 i Meland kommune.

Punkt 1 og 2: Kommunen tar kostnadene til orientering.

Punkt 3: Målinga av trykk på leidninga er gjort i endekummen på Fosse del 2. Kummen nærmest Larsen ligg ca 5 m høgare enn denne, og vil da ha noko lågare trykk enn det som er oppgjeve av kommunen i tidlegare skriv. Trykket som er målt av Stendal VVS AS ligg innanfor leveringsvilkåra til kommunalt vatn, som er mellom 2 og 8 kg (bar).

Punkt 4: Per i dag brukar ikkje Meland kommune klor som desinfiseringsmiddel i drikkevatnet.

Punkt 5: Avstanden til tilkoplingspunkt for 25/5 er rekna til ca 200 m frå nærmeste kum på communal hovudvassleidning. Kommunen stillar seg uforståande til påstanden om at eigedomen ligg 20 m frå tilkoplingspunktet.

I saka til 25/5 er avlaup teke opp som eit moment ettersom det ved eventuell utbygging av avlaup på eit seinare tidspunkt vil det, dersom anlegget er nærmere enn 200 m frå eigedomen, bli stilt krav om tilkopling til avlaupsanlegget. Det er da naturleg at eigedomen samtidig vert knytt til kommunalt vatn.

Kommunen avviser at det er tale om usakleg forskjellshandsaming.

Punkt 6: Saka til gnr 25 bnr 12 vart også sendt til Fylkesmannen for handsaming. Krav om tilkopling vart oppretthaldt. Etter dette har grunneigar igjen klaga til kommunen. I begge vedtaka til kommunen i arkiv sak 13/1919 og 13/1918 står det følgjande «Administrasjonen går i dialog med grunneigar om frist for gjennomføring». I gnr 25 bnr 12 sitt tilfelle er denne fristen foreløpig utsatt med 3 år på grunn av personlege forhold hos grunneigar.

Når det gjeld kommentaren om at dei fleste grunneigarane ikkje er kopla på så stemmer ikkje dette.

På heile VA-anlegget Fosse del 2 er hovedparten av aktuelle grunneigarar kopla til.

Punkt 7: «Det vert her ei overgangstid på 3 år, slik at tilknyting må vere utført seinast 3 år etter at hovudleidningen er sett i drift.» Overgangstida det vert vist til i det generelle prinsippvedtaket (gjeld heile kommunen) gjev informasjon om den fristen grunneigarar har for å kople seg til VA-anlegg før kommunen sender ut pålegg om krav om tilknyting. Etter tre år blir det sendt ut pålegg frå kommunen om tvungen tilkopling til dei som enno ikkje har kopla seg på det aktuelle anlegget. Påleggset er forseinka i høve til tidlegare informasjon, men kravet gjeld like fullt. Kommunen aviserer koplinga mellom mellom eit generelt prinsippvedtak og bindande fristar.

Meland kommune kjenner ikkje til status på kvaliteten på drikkevatnet til klagar, og kan dermed ikkje vurdere utsagnet om vatnet skulle ha betre kvalitet enn det kommunale drikkevatnet. Det kommunale drikkevatnet tilfredsstiller alle hygieniske krav og vert rekna å være av god kvalitet av kommunen sjølv og tilsynsmynde som er Mattilsynet.

Punkt 8, 9 og 10: Kommunen har ikkje vurdert desse tolkningane.

Det har i denne klagan kome fram nye opplysningar om boreholet til klagar som ikkje har vore vurdert tidlegare. Boreholet er frå 1997 og har kosta grunneigar til saman 70 000 kr. Prinsippvedtaket opnar opp for at nyleg opparbeida kostbare anlegg som borehol kan gje fritak frå tilknytingsplikta. I plan- og bygningslova er dette punktet knytt til «særlege omsyn» og «uforhaldsmessig stor kostnad». Hadde desse opplysningane vedrørande alder og kostnad for boreholet vore med i opphaveleg klage kunna saka ha vore løyst på eit mykje tidlegare tidspunkt. Kommunen vurderar basert på dei nye opplysningane at det i dette tilfellet er rimeleg å gje gnr 25 bnr 145 fritak frå tilknytingskravet til kommunalt vassanlegg. Kommunen vil fatte eit nytt vedtak i saka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Pb 7310

5020

BERGEN

Kopi til:

Mikkel Mundal

Hollendergaten 14 5017

BERGEN